

Saksprotokoll i Utval for miljø og samferdsel - 16.01.2019

Svar frå fylkesrådmann:

Dette er ei lei sak, og vi beklagar at kunden har hatt denne opplevinga. I høve våre busskontraktar er alle bussane i Hordaland universelt utforma og skal etter lova vere tilpassa til rullestolbrukarar og andre reisande med nedsette funksjonsevner. Bussar av klasse 2 (høg inngang) har rullestolheis, og bussen skal ta med rullestolbrukarar så lenge det er ledig plass om bord. Den einaste grunnen til at ein rullestolbrukar ikkje kjem med, skal vere om plassen allereie er oppteken av andre rullestolar.

Informasjon om reise med rullestol finn ein på Skyss sine sider her: <https://www.skyss.no/Verdt-a-vite/Nyttig-informasjon-/Spesielt-for-buss/a-reise-kollektivt-med-rullestol/>. Av omsyn til tryggleiken om bord er det maksstørrelse og -vekt for rullestolar i samsvar med forskrift om universell utforming og Bussdirektivet vedlegg 7.

Skyss har fylgt opp denne konkrete saka overfor Tide Buss, som har kontrakten for bussdrifta i Sunnhordland. Tide har raskt gjort tiltak, både mot kunden som vart ramma og for å betre rutineane slik at vi ikkje får tilsvarande hendingar igjen.

Skyss oppfordrar alle reisande som har uheldige opplevingar som denne, til å ta kontakt med vårt kundesenter. Rask og konkret informasjon om slike hendingar gjer det mogleg å følge opp at slike avvik ikkje skjer igjen.